

Årsrapport frå SNO 2025 til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Innhold

Innleiing

1. Kontroll og tilsyn
2. Registrering og overvaking
3. Skilting og informasjon
4. Forvaltningstiltak
5. Andre tema
6. Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging





Heile styret (med ein vara) under opning av reparert sti ved innfallsport i Kjenndalen. Nokre store snø- og steinras råka infrakstruktur i og ved nasjonalparken vinteren 2025. Gjennom høgsommar var det ei lengre varmeperiode som førte til mykje bresmelting og då stor vassføring. Auka besøk i fleire område av nasjonalparken.

Studietur med styret og forvaltninga, 23-25.juni

Bødalssæter i Jostedalsbreen nasjonalpark og møte med grunneigarrepresentantar.

Stitilrettelegging og natursti på Billingen i Reinheimen nasjonalpark og møte med lokalt SNO.

Klimapark 2469 ved Jotunheimen nasjonalpark og møte med lokal forvaltninga og Norsk fjellsenteret i Lom.

Stopp på Sognefjellet med tilrettelegging ved innfallsport med «car walk» og skilting.

Besøk i Mørkridsdalen landskapsvernområdet og innfallsport til Breheimen nasjonalpark. Møte med lokal forvaltning og SNO. Synfaring på skjøtsel av fleire kulturlandskap og sårbar natur ved fossesprut-sone.





1. Kontroll og tilsyn

Synleg tilstades

- Eigen logo, sjølv om SNO er ei avdeling i Miljødirektoratet
- Tydeleg med SNO-uniform, snart alle med meir synlege bilar - mange køyrer no elektrisk
- Oppfølging av tips, tipsdatabasen: [Tips Miljødirektoratet om miljøkriminalitet - miljodirektoratet.no](https://tips.miljodirektoratet.no)
- Tek kontakt, blir kontakta
- Multifunksjonelle, med i alt åtte lovverk vi håndhever



- Både nasjonalparkstyret og SNO kan politianmelde ulovlege forhold: den som først kjem over/får vite om
- SNO kan bruke lovbrotsgebyr (overtredelsesgebyr, OTG)
- Nasjonalparkstyret kan pålegge retting
- Inga politianmelding i nasjonalparken i 2025
- Grøfting - kvar går grensa for kva som er ok og kva som må omsøkast?



1. Kontroll og tilsyn

Alle vedtak som nasjonalparkstyre gjer blir lagra i den opne databasen «Miljøvedtaksregisteret». SNO sjekker kontrollerbare vedtak (helikopterløyver er døme på vanskeleg kontrollerbare løyver). Kontroller blir registrert i ein felt-database saman med kontroller av andre forskrifter og lovverk.

SNO fører tilsyn ved å besøke så mange delar av nasjonalparken som mogleg gjennom sommarsesongen. Vi går alltid i SNO-uniform, nokre gongar også med refleksvest. Publikum tek gjerne kontakt, noko som gjer at vi får høve til å fortelja om nasjonalparken!

Miljø-
direktoratet

Naturoppdrag

Type

Fylke

Kommune

Verneområde +1 X

Forvaltningsmyndighet

Ansv

Fjern alle filtre X

Jostedalsbreen nasjonalpark X

Gjennomført X

Viser 1- 25 av 31 oppdrag

Tittel	Behovstype	Behovskategori	Verneområde
Fjerning av granplanter langs Skålastien	Artsuttak	Fremmed (flora)	Jostedalsbreen nasjonalpark
Overvåking av slitasje frå beitedyr og turgåarar på sårbare snøleier i Røykjedalen	Kartlegge og overvåke	Ferdsel	Jostedalsbreen nasjonalpark
Skifte varsemdskilt ved Tuftebreen	Vedlikehold	Informasjonsplakat	Jostedalsbreen nasjonalpark
Sjekk at varsemdskiltet er på plass før sesongen	Besøk	Besøk tilsyn	Jostedalsbreen nasjonalpark
Tilsyn med sikringstiltak på stien til Kattanakken	Vedlikehold	Sikring / utbedring	Jostedalsbreen nasjonalpark
Fjerne granplanter i Haugadalen	Artsuttak	Problemart (flora)	Jostedalsbreen nasjonalpark
Etablering av ny steinklopp på sti mot Bødalsbreen	Tilrettelegging	Klopp	Jostedalsbreen nasjonalpark
Synfaring og vedlikehald av ny tursti/gangveg ved Bøyabreen	Tilrettelegging	Sti / kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark
Oppsetjing av informasjonsplakatar på cortenstålskilt på utsiktspunkt ved Bøyabreen	Tilrettelegging	Innfallsport	Jostedalsbreen nasjonalpark
Synfaring og tilsyn med stien opp Lundeskaret i 2025	Besøk	Besøk tilsyn	Jostedalsbreen nasjonalpark
Ferdselsteljar på stien mot Oldeskaret - ved nasjonalparkgrensa ovanfor Melkevoll bretun	Kartlegge og overvåke	Ferdsel	Jostedalsbreen nasjonalpark
Ferdselsteljar på stien mot Austerdalsbreen	Kartlegge og overvåke	Ferdsel	Jostedalsbreen nasjonalpark
Ferdselsteljar på stien mot Bøyabreen	Kartlegge og overvåke	Ferdsel	Jostedalsbreen nasjonalpark
Rydd vekk gamle utstyrskassar ved Briksdalsbreen	Vedlikehold	Fjerne avfall	Jostedalsbreen nasjonalpark
Rydding av skog langs sti til Bergsetbreen	Tilrettelegging	Sti / kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark

Naturoppdrag



- Eit verktøy for planlegging og oversikt over ønskete og gjennomførte oppdrag og tiltak i nasjonalparken
- Forvaltninga legg inn oppdrag og tiltak som ein ynskjer at SNO skal utføre. SNO utfører og kvitterer ut
- SNO legg inn alle installasjonar med foto og tilstand, døme verneskilt, bygningar, bruer mm
- SNO legg inn observasjonar som treng eller ikkje treng avklaring frå forvaltninga. Døme: ureining, problemartar, påverknad av terrenget som er menneskeskap o.l.
- Naturoppdrag fungerer då også som eit arkiv. Enno er det ikkje innsynsløysing


2. Registrering og overvaking

Bestandskartlegging: jervesporing

Gjennom vinteren, på sporsnø, utfører SNO bestandskartlegging ved å registrere jervespor, DNA av jervemøkk og mulig ynglelokaliteter

Gjennom beitesesongen utfører SNO registreringar av skadd/drepte husdyr av freda rovvilt, som i vårt område i hovudsak er jerv

Tidleg sommar 2025 vart det observert jerv over tid i Befringsdalen, men det vart ikkje registert yngling



Viser kvar det er registrert drept sau av jerv, DNA av jerv (mest møkkprøver) jervespor og sett jerv i 2025. Henta frå opne databasen: Rovbase.no



Mykje besøk inn til Briksdalen, og tilbodet med Troll-bilar eit godt stykke på veg frå april og ut oktober. Både her og mange andre stader, der det er bomveg, er det mogleg å få ei oversikt over tal besøkande inn i og mot nasjonalparken

Ferdselstelling

Gjennom sommaren 2025 har det vore automatisk telling av turistar på tre stadar i nasjonalparken: På stien mot Oldeskaret, frå Oldedalen, inn mot Austerdalsbreen og på brua mot ustikspunktet mot Bøyabreen. Den siste teljaren fungerte ikkje. I tillegg har det vore ferdselstelling i naturreservatet for Nigardsbreen.

Desse ferdselsteljarane går mot slutten og det er ikkje avklart kva som blir framtidige løysingar. Å bruke eksisterande tellingar, som bomvegar og parkeringar vil sjølvsagt også gje informasjon om tal besøkande.



Stien mot Austerdalsbreen

Ferdselsteljaren stod sopass langt inn at både dei som gjekk frå parkeringa og dei som gjekk frå turisthytta vart talde.


I perioden 8.mai til 1.oktober er det registrert nesten 8000 besøkande. For dei fire sommarmånadene er det registrert kring 88% meir besøk enn i 2019 då det også var ferdselstelling på same staden.

Registreringane viser at på det meste var det over 160 personar på ein dag på tur innover dalen.



Stien mot Oldeskaret

Stien opp frå Melkevoll Bretun i Oldedalen er «veslesøster» til Briksdalen, men likevel viser ferdselsteljaren at kring 2200 har gått både opp og ned. Dei fleste går nok tur-retur, så dette gir eit samla tal på dei besøkande.





Bevaringsmål: Effektmåling

- Det er ynskjeleg at ein måler effekten av tiltak i nasjonalparken. Så langt er det utført i fem område:
 - Granhogst/fjerning av gran i Sunndalen og Fosdalen, Oppstryn. Effektmåling kvart 5. år
 - Omlegging av sti forbi sårbare morener i Bergsetdalen, Austerdalen og Bødalen. Måling kvart år for å sjå kor raskt det veks til
- For å følgje med på effekten av skjøtselen bør det også opprettast bevaringsmål for dette arbeidet. Førebels blir det gjort ved fotografering

3. Skilting og informasjon

Grenseskilt



Det er andre året med tilbod om hesteridning på Fåbergstølsgrandane. Turane går inn i nasjonalparken ved Båtedalen og krysser breelvane innover på denne store sanddursletta (breelvsletta). Det blir nye spor etter ridninga, men dei følgjer i hovudsak same stifaret. Det er sagt og hogge noko for å kome fram.

Det er no 45 grenseskilt langs stiar inn i nasjonalparken. I 2025 vart det sett opp grenseskilt på to nye stader: Austsida av Brenndalen i Oldedalen og på Fåbergstølsgrandane i Jostedalen.

SNO skifter ut forløpande ved øydelagde eller forsvunne skilt



På austsida av Brenndalen er det noko aukande trafikk, så difor vart det i 2025 sett opp eit grenseskilt der stien krysser grensa til nasjonalparken

4. Forvaltningstiltak

Fareskilt ved brefrontar

Det ser ut til at dei besøkande i all hovudsak ikkje går lenger enn til fareskilta.

Det er informasjon om fare for isras, plutseleg flaum og/eller steinsprang som følge av bresmelting. Skilt er plassert framføre følgjande brear i nasjonalparken: Bergsetbreen, Austerdalsbreen, Supphellebreen, Bøyabreen, Haugabreen, Briksdalsbreen, Kjenndalsbreen og Bødalsbreen.

Briksdalsbreen har trekt seg sopass mykje tilbake så faren for å bli utsett for isras er liten. Likevel står det to skilt her, eit om israsfare, og eit om steinsprangfare i tillegg til eit gult- og svart tau. Dette hindrer at dei besøkande går innover i område med mykje laus stein der det kan rase ut, spesielt ved regn og ved frostsprening.






Det er etablert ein ny sti langs det nye vatnet framføre Austerdalsbreen. I enden av denne bør det settast opp informasjon om faren for steinsprang og isras.



Aktuell skilting

SNO si erfaring er at dei fleste besøkande ynskjer å ta vare på naturen. Mange vil truleg følgje råd om ein informerer om dei sårbare moreneryggene og oppfordrer om å følgje stien.



Stien inn til Austerdalsbreen har fleire punkt der turgåarane går over mornerygger

Informasjon

- Dei tre nasjonalparksentrene kring Jostedalsbreen står for mykje god informasjon, både på sentrene og gjennom naturretteleiarar. SNO har ei god kontakt med dei
- SNO har i hovudsak ikkje høve til å ta med skuleelevar og studentar ut, men kan bli invitert med. Når vi møter på skuleklasser samlar vi gjerne og fortel om nasjonalparken
- Det blir mange tilfeldig møter på oppsynsturar, og for 2025 er tal informerte i nasjonalparken: 349 (341 i 2024 og 398 i 2023).

Bremuseet i Fjærland markerte opning av ny klimautstilling i mai i år. Samstundes var det interessante føredrag om klima.



Breheimsenteret opna hausten 2025 ein tilrettelagt natursti rundt senteret. Langs denne stien er det mykje interessant natur- og kulturinformasjon



Nasjonalparksernteret i Oppstryn opplevde hausten 2024 at elva tok nytt løp og vatn og elvemasser rann inn i bygget. Dyktig og arbeidssom leiating førte til at bygget og utstillinga stod klar til sesongstart våren 2025



Nasjonalparkskilt

Tidleg sommar 2025 sette SNO opp alle skilta som var ferdiglaga og der stadene for oppsett var klargjort. I tillegg vart gamle skilt bytta ut nokre andre stader.

På følgjande stader står det no ny nasjonalparkinformasjon:

- På Gjerde i Jostedalen, cortenstålplate
- Parkeringsplassen på Bergset i Jostedalen, cortenstålplater
- Innfallsporten på Tungestølen, på 4 av 5 cortenstålplater
- Innfallsporten ved Bøyabreen, på alle 3 cortenstålplatene + oppsett av 5 miniplakater
- Parkeringsplass i Sunndalen, Oppstryn
- Hjelle hotell, Oppstryn
- På stativ ved Melkevoll camping i Oldedalen
- Uthus på parkeringa ved Sanddalsvatnet på Byrkjelo
- Toalettbygg på parkeringa for Haugabreen, Jølster








Nestleiar i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, Stine Fjellkårsstad, opna innfallsporten ved Tungestølen Turisthytte. Veitastrond oppvekssenter og Luster Turlag var tilstades.

Fint med informasjon om nasjonalparken på stader som ligg litt unna nasjonalparkgrensa slik at folk som passerer kan ta eit val om å besøk. Her frå Hjelle hotell i Oppstryn





Ferdsel - stiar og bruar

Tidleg i mars var det mildt og mykje regn i distriktet vårt og det gjekk eit stort ras inst i Kjenndalen som tok med seg den største brua og øydela dei to mindre bruene på stien mot utsiktspunktet.

Eit stort ras gjekk òg over vegen inn mot Bøyabreen og har gjennom sommaren ført til at vatn har teke nye løp, m.a. mot dei nyoppsette informasjonsskilta.

Andre stader har det vore meir som vanleg med mindre overfløymingar med flytting av litt masse.

SNO følgjer med på stiar og bruer, så langt det rekk, og får også tilbakemeldingar frå folk lokalt viss det er store endringar.

På dei mykje besøkte stiane ser ein aukande slitasje, men ein ser også at enkle stengslar og informasjon gjer at dei besøkande tek meir omsyn.



Kjenndalen, nye bruer

Cruise-sesongen starter tidlig i Nordfjord, og dei nye bruene inn mot utsikta til Kjenndalsbreen var ferdige til å ta imot turiststraumen 6. mai!



SNO-Rune rakk akkurat å skru på siste bordet i brua før første turistbussen kom



Utbetringane som vart utført på stien opp Lundeskaret for dryge 10 år sidan held godt. I år har ein lokalt sett opp skilt og merkt opp til grensa for nasjonalparken og utsyn mot Marabreen

Skjøtsel av kulturlandskap

Det er utført skjøtsel i alle stølsdalane der det er utarbeid skjøtselsplan, og det er i alle hovudsak utført av grunneigarar men òg turlag og andre. I år har SNO hatt rolla med ettersyn undervegs i arbeidet - i samband med anna oppsyn. Mange av skjøtselsoppgåvene vart utført så seint at det ikkje var mogleg å sjekke arbeidet før snøen kom.

Skjøtselsarbeid har funne stad i

- Sunndalen
- Erdalen
- Bødalen
- Befringsdalen
- Langedalen og Austerdalen på Veitastrond



Skjøtselsarbeidarar på plass i Erdalen. Men, dei har ein god sti dei gjerne følgjer ut av området før tida ...

Bjørk og gråor er stamma opp ved Bødalssætra for å lage god tilkomst for kyrne inn til nye beiteområde i nasjonalparken



5. Døme på anna oppsynsarbeid som lokal SNO utførar

SNO lokalt, som har hovudansvar for oppsyn med Jostedalsbreen nasjonalpark, har også mange andre feltoppgåver gjennom året. Her er eit utval frå 2025:

1. Oppsyn etter Lov om motorferdsel i utmark
2. Legge til rette for ekskursjon for «skogambasadørane» i Flostranda edellauvskogsreservat
3. Lakseoppsyn, her i Fjærlandsfjorden
4. Skjøtsel; fjerne div planter i kulturminneområde Vingen i Bremanger
5. Myrslått i Tvinna naturreservat i Stryn
6. Jaktoppsyn. Kontroll av jaktløyve og våpen under elgjakt i Jostedalen. Alt i orden!





Haugabreen – stadig meir besøk opp til dette utsiktspunktet



Utsikt frå Sygneskaret mot Stillievatnet i Sunndalen

6. Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

SNO og nasjonalparkforvaltarane har løpande kommunikasjon gjennom heile året. Likevel er det viktig at Naturoppdrag (NO) blir brukt, både for oversikt og arkiv.

Konkrete tiltak:

Sette opp nye skilt som fortel kvar stiar stopper inn mot bre og bratt terreng. Desse kan kome i tillegg til steinsprang- og israsfareskilt.

Oppsett av informasjonsskilt som oppfordrer dei besøkande om å følgje stien og ikkje trakke ned sårbare morener.

Opprette bevaringsmål for å måle effekten av tiltaka knytt til skjøtsel og andre tiltak, t.d. ved omlegging/stenging av stitrase.

Moglege tiltak/oppgåver som ikkje er knytt til tildelte midlar: T.d. registrering av tilstand, vere i område til bestemte tider (fugl/sommarfugl/mykje folk/rein) og dokumentasjon av endringar utover bevaringsmål, t.d. ved å bruke gamle bilde.

Skade på gråor

Både ved Bødalssæter og ved Erdalssætra har det i år vore skade på gråor noko som truleg skuldast besøk av Stripa orebladbille. Gråor kan lage antibeitestoff slik at dei blir mindre attraktive for larvene. I 2024 var det liknande skade på tre i Kjenndalen, men ikkje i år. Aktuelt med informasjon til dei besøkande?



KI om nasjonalparken ...

Kan du skrive ei kort tekst om forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark og lage eit illustrativt bilde som passer til?



Forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark

Jostedalsbreen nasjonalpark er forvalta av eit nasjonalparkstyre som oppnemner oppsynet i parken. Oppsynet gjennomfører kontroll av praksis for ferdsel i verneområdet, gjev informasjon til publikum og deltek i redningsaksjonar.



Kva for oppgåver har fagleg rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalpark?



Oppgåver for fagleg rådgjevande utval

- **Involvering av ulike interesser:** Utvalet er sett saman av representantar frå organisasjonar og fagmiljø med tilknytning til nasjonalparken, som naturvern, friluftsliv, reiseliv, landbruk og forskning. nasjonalparkstyre
- **Rådgjeving om overordna strategiar:** Dei skal ikkje handsame einskildsaker, men kan gje innspel til større saker som gjeld forvaltningsstrategiar og særlege forhold i parken.
- **Referansegruppe ved planarbeid:** I arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen fungerer utvalet som ei referansegruppe og bidreg med fagleg innspel. nasjonalparkstyre
- **Årlege møte:** Utvalet har normalt eitt møte i året, der dei møter nasjonalparkstyret for felles dialog og utveksling av synspunkt.

Forvaltning av Jostedalsbreen nasjonalpark

Jostedalsbreen nasjonalpark vart oppretta i 1991 for å verne eit stort og verdifullt breområde med tilhøyrande natur, dyreliv og kulturlandskap. Over halvparten av parken er dekt av is, og sjølve Jostedalsbreen er den største isbreen på fastlandet i Europa.

Forvaltninga av nasjonalparken er lagt til **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**, som består av lokale og regionale politikarar. Styret har ansvar for å sikre ei heilskapleg og berekraftig forvaltning i tråd med **naturmangfaldlova** og **verneforskrifta**. Dette inneber å balansere vern med bruk, tilrettelegging for friluftsliv, skjøtsel av kulturlandskap og formidling av kunnskap.

Parken fungerer også som eit viktig forskingsområde, der geologiske prosessar og klimaendringar blir studert. Forvaltningsplanen frå 1994 er under revisjon for å møte dagens utfordringar og sikre framtidig vern av naturverdiane. nasjonalparkstyre